



Sotra vidaregåande skule
Kvinnherad vidaregåande skule

Dato: 07.03.2016
Vår ref.: 2015/9256-15
Saksbehandlar: marhaa5
Dykkar ref.: «REF»

Utprøving av praksisbrev. Godkjenning av skular. Sotra vidaregåande skule og Kvinnherad vidaregåande skule

Fylkesutvalet vedtak i møte 19.06.2014 å starte utprøving av ordninga med praksisbrevet i Hordaland. Ordninga blei utlyst i Hordaland med frist 1.12.2015, og fem skular søkte om å delta i utprøvinga.

Fylkesdirektør for opplæring vedtok ei utprøving frå hausten 2016 på to av skulane, Sotra vidaregåande skule og Kvinnherad vidaregåande skule. Utprøvinga skal skje på programområde for bygg og anlegg, restaurant og matfag og/eller service og samferdsel.

Målgruppa er ungdom som etter grunnskulen ønskjer ei meir praktisk retta opplæring, som er tatt inn som ordinære elevar, men som kommer ut frå grunnskulen med svake resultat og høgt fråvær. Aktuelle kandidatar skal plukkast ut frå ordinære søkjarar innan dei aktuelle programområda på skulen. Utveljing kan skje gjennom startsamtale med elevane på bakgrunn av resultat frå ungdomsskulen. Kandidatar må samtykke i tilbodet, saman med føresette.

Tilbodet skal vere over to år. Det er aktuelt med ein klasse på 12-15 elevar på kvar skule. Elevane skal ut i praksis som praksisbrevkandidatar frå starten. Skulane får ansvar for rekruttering av læreplassar. Ein viktig føresetnad for rekruttering av bedrifter, er at skulen tar ansvar for tett oppfølging. I tillegg skal elevane ha opplæring i tre fag; norsk, matematikk og samfunnsfag (vg1 over to år). Tilbodet kan leggjast opp som ein eller to dagar i veka på skule og tre eller fire dagar i bedrift.

Tilbodet blir finansiert gjennom ordinær elevsats x faktisk tal på elevar. Elevsats er kr. 80.200 på service og samferdsel og kr. 94.100 på restaurant og matfag og bygg/anlegg. Skulen får ikkje ekstra bunnsom per klasse då dei har tilbodet frå før på ordinær ordning.

Kontaktperson på opplæringsavdelinga er:

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Marianne Haaland
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.